

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus, 19.01.16, kl 19.00 – 21.50.

Til stades: Sigmund Eiken, Kenneth Vikane, Marit Huus, Sonja Irene Skarde og Kaia Gulbrandsen.

Meldt fråfall: Marta Bergstø og Gunnar Dalseth

### **Sak 1, Godkjenning av sakliste og referat frå møte 16.12.15.**

Merknad til sak 5; arbeidsavtale med reinhaldar på Herand Kulturhus er ferdig behandla og underskriven. Sakliste og referat godkjent.

### **Sak 2, Organisasjonsendring ved eventuell samanslåing av Herand Bygdelag og Herand Landskapspark.**

Styret diskuterte forslag til organisasjonsendring i samband med mandatet frå førre årsmøte om å arbeide med planlegging av ein samanslåing. Dette vert sak på eit felles møte mellom Bygdelaget og Landskapsparken i februar der målet er å få klart eit konkret forslag å leggje fram for årsmøtet 13. mars 2016.

### **Sak 3, Gjennomgang av utleigeinntekter i 2015 og eventuell takstauke på Herand Kulturhus;**

Styret vart gjort kjend med kor mykje leigeinntekt det var på Herand Kulturhus i 2015. Det ble laget ny liste over rom/rominndeling og prisar. Lista vert gjeldande frå 01.02.16. Vert hengd opp på Herand Kulturhus og lagt ut på Herand.no.

### **Sak 4, Gjennomgang av vedtak i sak 4 på årsmøte i 2014, angående 17. mai konto;**

17. mai komiteen frå 2015 har overført overskotet på 17. mai kontoen over kr. 10.000,- til Herand Bygdelag. Dei syt og for at Herand Musikklag får sitt honorar for 2015. Det bør lagast ein instruks for økonomien som følgjer referatboka.

### **Sak 5, Årsplan 2016, Herand Bygdelag:**

Styret har satt nokre viktige datoar for 2016:

- Årsmøtet i Herand Bygdelag vert søndag 13. mars kl. 17.00. Saker til årsmøtet må vere styret i hende innan **05.03.16**.
- Felles styremøte mellom Herand Bygdelag og Landskapsparken vert tysdag 23.02.16 kl. 18.00.
- Bygdedugnaden vert laurdag 30.04.16. Planleggingsmøte 12.04.16.
- Haustmarknad vert laurdag 08.10.16
- Juletreffest 26.12.16

- Bygdelagsbasar 29.12.16

Styret gjev skrivar ansvar for å setje inn styremøter ca kvar 4. veke på tysdagar.

**Sak 6, Val til Herand Bygdelag for 2016, liste til valnemnda;**

Årsmøtet vert sundag 13. mars kl. 17.00. Styret laga oversikt over kven som er på val til valnemnda. Leiar Sigmund Eiken informerar Reidun H. Dalseth i valnemnda.

**Sak 7, Eventuelt**

- Hjärtstartarskåpet; skåpet er komme og vil bli montert snart, Bygdelaget vil sende ut info til alle husstandar i Herand.
- Kopimaskinen er flytta frå Joker til kontoret på Herand Kulturhus. Der er ei bok der tal på kopiar og namn noterast. Ver obs på at ein hengsle i lokket er knekt, opn og lukk varsamt.

**Neste styremøte i Herand Bygdelag er tysdag 23.02.16 kl. 18.00**

Referat; Kaia Gulbrandsen